HISTORIKARVERKSEMDA



Kulturmiljødokumentasjon

HF-fakultetet
gnr. 164 / bnr. 364, 510, 211 m.fl. – Bergen kommune

Innhald

Innleiing 3
Historie 4
Skildring av dagens kultur- og bygningsmiljø 12
Områdebilder frå dagens kultur- og bygningsmiljø 16
Kulturminner i området 20
Skildring av berørte bygg i planområdet 22
Sydneshaugen skole 22
HF-bygget 33
S-blokka 34
Garasjeanlegg og sykkelskur 50
Avslutning – nybygget og konsekvensar for det eksisterande kulturmiljøet 52
Litteratur og kjelder 64

Mai 2021

PROSJEKT: HF-fakultetet gnr. 164 / bnr. 364, 510, 211 m.fl.
TILTAKSHAVAR: Universitetet i Bergen
KONSULENT: Ard arealplan AS og HLM Arkitektur

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA
v/ Håvard Klyve Parr & Silje Een de Amoriza, faghistorikarar
KONTAKT: haavard@historikarverksemda.no | +47 971 14 202
silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med reguleringsplan for prosjekt HF-fakultetet gnr. 164 / bnr. 364, 510, 211 m.fl. i Bergen kommune, på oppdrag frå Universitetet i Bergen.

Planområdet omfattar eigedommar gnr. 164 / bnr. 364, 510, 211 m.fl. og har ein storleik på ca. 30,5 daa. Planområdet ligg på Nygårdshøyden, bak Johanneskirken, mot Dokken. I planområdet ligg i dag HF-bygget, Sydneshaugen skole, Universitetsbiblioteket, eksisterande parkeringsanlegg, ein bygård i nord og den gamle lystgården Fastings Minde.

Planområdet er ikkje detaljregulert. I kommuneplanen sin arealdel 2018 er det ein del av ei byfortettingssone (BY, sone 1), og ligg i hensynssone for kulturmiljø, H570_2O. Delar av planområdet ligg også innafor bestemmelsesområde #4. Området er sett av til offentleg føremål i Kommunedelplan sentrum frå 2001. Både i planområdet og i umiddelbar nærleik finst det ei rekke freda og verneverdig kulturminner. Planområdet er i Riksantikvaren sitt NB-register registrert som del av kulturmiljø av nasjonal interesse.



Varslingskart, planområdet.

Tiltakshavar sin intensjon med planforslaget er å legge til rette for ei samlokalisering av Det humanistiske fakultet, ved å etablere eit nytt bygg der det i dag er eit parkeringsanlegg. Samstundes ønsker ein å sjå på moglegheitene som finst i den eksisterande bygningsmassen ved Sydneshaugen skole, universitetsbiblioteket og HF-bygget ved endring av romprogram/ombygging.

Arkitektur og byformingsstrategi for Bergen, Arkitektur+ vil vera førande for utforming av bygg, i tillegg til Kulturminnestrategien «Identitet med særpreg» vedtatt sammen med KPA2018. I arbeidet med planen skal det takast omsyn til eksisterande kulturmiljø i og i nærleiken av planområdet.

Denne kulturminnerapporten dokumenterer historie og kulturminner i og i nærleiken av planområdet – gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder. Særskilt har me nytta oss av boka *Byuniversitetet i Bergen. Freda og i full vigør* frå 2018, skrive av Eva Røyrane, artiklar av kunsthistorikar Siri Skjold Lexau og av UiB sine forvaltningsplaner for freda bygg i deira eige: https://www.uib.no/foransatte/114728/freda-uib-bygg. Av anna kjeldemateriale har me brukt byggesaker, kart, teikningar, fotografi. I tillegg støttar rapporten seg på observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikarar Håvard Klyve Parr og Silje Een de Amoriza frå Historikarverksemda 3. november 2020. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.

Historie

Planområdet i denne rapporten ligg på den nordvestre delen av toppen av Nygårdshøyden, med delar av skråninga sørvestover mot Dokken. I mellomalderen eigde kyrkja dette høgdedraget. Det var fram til slutten av 1700-talet del av byen si takmark (utmark) og nytta som felles beiteland for folket i byen. Det historiske vegfaret frå Dokken til Nøstet følgde noverande Dokkebakken og nordlegaste ende av Dokkeveien og kryssar slik det nordvestlege hjørnet av planområdet. Like aust og nord for planområdet gjekk det også eit vegfar over Sydneshaugen. (Sjå kartet øvst på neste side). Planområdet låg utanfor bygrensene fram til 1877 (sjå kartet øvst på neste side).

Topografien i området har endra seg ganske sterkt etter at det blei bygd hus her på 1900-talet. På ein bergknatt der Sydneshaugen skole i dag står, blei det i 1650-åra bygd ein skanse som fekk namnet Christiansberg, som ledd i utbygginga av byens festningsverk i høve krigen mellom England og Nederland, men skal ha blitt oppgitt ved fredsslutninga i 1654. Her oppe var det vanleg at innbyggjarane i byen hadde sankthansbål og sankthansfeiring. Bergknatten der skansen låg, som skal ha vore 12 meter høg, blei sprengt vekk i høve bygginga av Sydneshaugen skole rundt 1920.

Iallfall delar av planområdet var omfatta av garden Vestre Sydnes, som Jørgen Thormøhlen fekk overdratt frå kongen i 1671 då han starta aktivitetane sine i området som i dag blir kalla Møhlenpris, men det er ikkje teikn til at Møhlenpris nytta den delen av eigendommen som inngår i dette planområdet.



Planområdet i 1750, omtrentleg markert med lysegrønt felt. Det er ikkje teikna inn nokon bygningar i planområdet, men vegen frå Møhlenpris til Nøstet, som i dag er Dokkebakken og delar av Dokkeveien, er teikna inn. Det same er eit eldre vegfar som gjekk over Sydneshaugen. Kjelde: Situation af Staden og Egnen om Bergen udi Norge, Kartverket.no.



På dette kartet frå 1779 er vegen frå Møhlenpris til Nøstet teikna inn med namnet «Møllenpris Wej». Planområdet er del av området som er kalla «Bergen Byes Tagemark ved Sydnes», og er omtrentleg markert med lysegrønt felt. Landskapstrekket «Baanhouen» – truleg ei forvansking av «Bålhaugen» – er namngitt. Bokstaven L markerer «Det nye udflyttede Steen Gierde» – delar av det kan ha vore innanfor planområdet. Kjelde: Situations-Kart over Bergen Bys Alminding eller Tagemark udi Sydnes, 1779, Kartverket.no.



Dette kartet er henta frå Bergenskart.no, og viser byutvidingar i ulike periodar. Me har lagt på grøn markering som indikerer planområdet. Kartet viser at planområdet fram til 1877 låg like utanfor bygrensa, markert med den kvite streken som går like gjennom kartet.



Dette kartet er henta frå Bergenskart.no, og viser eldre vegfar rekonstruert av Byantikvaren (stipla linjer). Planområdet er omtrentleg markert med grønt felt.

I 1791 førte Claus Fredrik Fasting (1746–1791) opp lystgarden Øvre Møhlenpris, som etter kvart fekk namnet Fastings Minde. Fasting var den første som bygde her, og huset er i dag det eldste bygget på Nygårdshøyden og eit freda bygg. Grensene for lystgarden fell for ein stor del saman med planområdet denne rapporten omfattar. Her etablerte Fasting eit hageanlegg i engelsk stil, mellom anna med ein lindeallé som det framleis står lindetre igjen av i nærleiken av huset, ved Universitetsbiblioteket og framfor Historisk museum. Hovudhuset er det einaste bygget som står att av Fasting sitt anlegg i dag, men her var fleire andre bygningar, som paktarbustad, løe og så vidare. I 1865 blei Fastings Minde overteke av legen og psykiateren Frants Theodor Rosenberg (1817–1878) som starta mentalsjukehuset Rosenbergs Asyl her. Han fekk bygd fleire nye hus for asylet nord for hovudhuset, om lag der HF-bygningen står i dag. Husa var utstyrt med skjerma luftegardar for pasientane og det heile var omringa av eit høgt plankegjerde. Asylet fekk namnet «Tussehagen» på folkemunne.

Frå midten av 1800-talet var Bergen i kraftig vekst, og frå 1880-åra var kommunen interessert i å overta eigedommen Fastings Minde for å nytta den til bustadbygging. Kommunale regularingsplanar frå 1897 og 1910 syner korleis eigedommen kunne nyttast til husbygging, men eigarane avviste dette. I mellomtida skjedde det stadig meir husbygging, også av monumentalbygg, i nærområdet til dagens planområde. Praktbygget til Bergen museum, som kom til i 1865, var med å trekke Nygårdshøyden inn som ein del av bylandskapet, og i 1894 stod Johanneskirken ferdig rett nordaust for plangrensa.



Planområdet i 1829 – omtrentleg markert med grønt felt. Fastings Minde er teikna inn med hovudbygg og fleire andre bygningar. Kjelde: Kart over Bergenhus Fæstning, 1829, Kartverket.no.



Fastings Minde frå sør, bilete mellom 1918 og 1924. Foto: Olai Schumann Olsen / Ubb billedsamlingen.

I siste halvdel av 1800-talet kraup bustadbygginga oppover Nygårdshøyden frå nord. Fram til 1880 var det komme fleire bustadhus i svingen lengst nordvest i Dokkeveien og i gata som i dag heiter Sydneshaugen, rett utanfor plangrensa. Heilt på slutten av 1800-talet var det planlagt ei utbygging i det som i dag er Øysteins gate med murgardar med luksusbustader med utsikt over byen – Bergens svar på Victoria terrasse i Oslo. Men bustadkrakket i 1899 sette prosjektet på vent, og utbygginga gjekk saktare enn planlagd. I 1902 stod likevel Sydnesplassen 13 ferdig på hjørnet mot Johanneskirken med utsikt nordover mot byen. Men interessa for bustadene her blei mindre enn venta, og området som utgjer planområdet blei ståande ei stund til utan fleire bygningar enn Fastings Minde og Rosenbergs Asyl. På plankart frå 1913 står det meste av dagens planområde igjen som eit for det meste ubygd område omgitt av bygardar på fleire sider. Frå 1912 til 1914 blei det bygd bygardar innanfor planområdet, dei første husa i det som i dag utgjer kvartalet som er avgrensa av Vinjes gate, Ivar Aasens gate og Dokkeveien. Ivar Aasens gate 1 og 3 med fire etasjar med loft og kjellar var dei første bygga på sørsida av Ivar Aasens gate. Ivar Aasens gate 1 utgjer hjørnehuset mellom Ivar Aasens gate og Dokkeveien. I vest, med front mot den skrånande Dokkeveien, kom Dokkeveien 4 med fem etasjar, og i søraust kom Vinjes gate 1 med 5 etasjar, som etablerte eit hjørne mellom Ivar Aasens gate og den nyoppretta Vinjes gate. Gateløpet for Vinjes gate ser endå ikkje ut til å ha vore fastlagt – eit kart frå 1913 antydar ei linje i flukt med veggen på Vinjes gate 1, som ville ha ført gata rett i det som seinare vart hjørnet til Sydneshaugen skole.



Kart frå 1913, planområdet omtrentleg markert. Kjelde: Bergenskart.no



Bergknatten som blei sprengt vekk då Sydneshaugen skole blei bygd, var det høgste punktet innanfor planområdet. Til venstre bygningar frå Rosenberg Asyl, i midten Vinjes gate 1 med Dokkeveien 4 bak. Bilde frå 1914–1921, henta frå boka Byuniversitetet i Bergen: Freda og i full vigør, utg. i samarbeid med Skald, 2018, s. 78.

I 1914 kjøpte Bergen kommune Fastings Minde, men ein hadde no gått bort frå tanken om bustadbygging her. Kommunen dreiv asylet vidare til 1959, då det vart lagt ned. Det hadde då 140 pasientar.

Ved Bergen museum var det planar om å oppretta eit universitet i byen med museet som grunnstamme, og dei kommunen med på tanken om å setja området til side til dette føremålet. I den store reguleringsplanen for Bergen etter bybrannen i 1916 er Fastings Minde derfor markert «reserveret for Bergens Museum». Og i 1917 heldt kommunen ein «reguleringskonkurranse om universitet på Fastings Minde», som arkitekt Egill Reimers vann.

Samstundes hadde kommunen bruk for eit nytt skulebygg etter at Hambros skole i sentrum gjekk med i bybrannen. Resultatet vart Sydneshaugen skole, som stod klar i 1921 og det første året husa 515 middelskuleelevar. Skulen vart bygd etter reguleringsplanen for det nye universitetsområdet, med forståinga av at universitetet, når det ein dag vart oppretta og hadde bruk for bygget, skulle overta det. Om lag samstundes pågjekk arbeidet med å byggja nybygget til Historisk museum, rett søraust for planområdet, som stod ferdig i 1927, også i tråd med reguleringsplanen for universitetsområdet.

Det kom ikkje fleire bygningar etter reguleringsplanen for universitetsområdet frå 1917. Universitetet vart ikkje stifta før i 1946, men området vart halde sperra for andre formål. Den einaste utbygginga som skjedde i planområdet dei neste tiåra, var i bustadkvartalet ved Vinjes gate. Dette kvartalet, som hadde stått som ein hestesko med opning mot sør sidan 1914, vart eit lukka kvartalsbygg i 1931 og 1932 med bygginga av bustadbygga Vinjes gate 3 og 5 og Dokkeveien 4–6.



Reguleringsplan 1916. Fastings Minde «reserveret for Bergens Museum». Kjelde: «Reguleringsplanen for brannstrøket 1916» i Oppslagsverket Ove, bergenbyarkiv.no/oppslagsverket.



Egill Reimers sin reguleringsplan for universitetet. Sydneshaugen skole, til høgre i teikninga, og Historisk museum blei realisert etter denne planen. Kjelde: Astrid Forland: «Universitetet i Bergens historie'». Utg. Universitetet, 1996, s. 122.

Den første universitetsbygningen som blei bygd i planområdet, var Universitetsbiblioteket som stod ferdig i 1961. Biblioteket blei bygd i eit moderne formspråk med betong og store glasflater og skil seg klart frå nabobygget, Sydneshaugen skole. Året etter stod det nye Sjøfartsmuseet ferdig mellom Historisk museum og Fastings Minde, kloss opp i planområdet i sør.

I 1964 kom ein ny reguleringsplan for universitetsområdet. Det hadde vore diskusjonar om universitetetsområdet burde flyttast ut frå sentrum, men det vart til slutt vedteke at det skulle byggjast vidare ut på Nygårdshøyden. I utgangspunktet var det tenkt av store delar av bustadområda på Nygårdshøyden no skulle sanerast for å gje plass til UiB sine nybygg. Ein var imidlertid på veg inn i ein periode med nye tankar kring vern av eldre bygningar, og Eva Røyrane skriv i boka si frå 2018 at desse nye perspektiva til slutt hindra den planlagde saneringa. Istaden utvida UiB området sitt i tiåra som fylgde gjennom kjøp, bruk og tilpassing av den historiske bygningsmassen på Nygårdshøyden. Mellom anna blei dette gjort i gata Sydneshaugen, like ved gjeldande planområde.

Dei gamle bygningane til Rosenbergs Asyl, som var stengt i 1959, blei rivne. Hovudbygningen på Fastings Minde, frå 1791, var òg truga av riving, men det blei til slutt vedteke i staden å setja han i stand og freda han. Det nye HF-fakultetet blei bygd på staden der dei rivne asylbygningane hadde stått, sør for Sydneshaugen skole, og stod ferdig i 1967. Fakultetsbygget blei bygd rundt eit stort atrium og blei knytt med ei innglasa gangbru til Sydneshaugen skole, som universitetet samstundes tok over frå kommunen. Dette er det siste nybygget innanfor planområde. Med bygginga av HF-fakultetet fekk òg det opne uteområdet mellom Universitetsbiblioteket, Sydneshaugen skole og Fastings Minde sin noverande form.



Til venstre Sydneshaugen skole, i midten fremst, området der Universitetsbiblioteket no står. Bilete frå 1920-åra. Foto: Ralph L. Wilson / Ubb billedsamlingen, ubb-wil-a-242.



Sydneshaugen skole med bygningane til Rosenbergs Asyl vegg i vegg, 1958. Til venstre bustadkvartalet ved Vinjes gate, med hagar ned mot Dokkeveien. Foto: Widerøe's Flyveselskap A/S / Ubb billedsamlingen.



Ortefoto frå 1970 viser planområdet. På dette tidspunktet er alle av dagens bygg på plass i planområdet. Foto: Norgeibilder.no.

Skildring av dagens kultur- og bygningsmiljø

Dagens kultur- og bygningsmiljø i og rundt planområdet fortel historia både om UiB si utvikling som byuniversitet og om bustadutbygginga på Sydneshaugen/Nygård. Samla sett utgjer planområdet og det nærliggande området eit unikt kultur- og bygningsmiljø, med eit stort arkitektur- og kulturhistorisk mangfald.

I sjølve planområdet utgjer universitetsbygningane ein meir organisk kontrast til den strammare kvartalsbusetnaden som dominerer i nord og nordaust (inkludert bygården i det nordvestlege hjørna av planområdet). Det meir organiske kulturmiljøet er eit resultat av at bygningane her har kome til over ein lengre periode – frå Fastings Minde i 1791 til HF-bygget i 1967. Men det er også resultat av bevisst planlegging frå arkitektane som stod bak Universitetsbiblioteket og HF-bygget i 1960-åra. Deira tankar kring plassering av desse bygga, og korleis dei skulle forhalde seg til dei allereie eksisterande historiske bygga og landskapet i området er definerande for planområdet i dag. Arkitektane sine intensjonar den gong var å skape lågmælte og funksjonelle bygg med god arealutnytting. Viktige hovudtrekk ein ser i området i dag er korleis bygga forheld seg til kvarandre – i måten dei skapar opne rom mellom kvarandre, og plassar og gangvegar. Her er siktlinjer også eit viktig stikkord. Eit anna trekk er korleis nybygga frå 1960-åra og dei historiske bygga blei tilpassa til kvarandre. Sjå bildeeksempel på side 13, 16–17 som viser desse trekka.

Hovudbygget tilhøyrande den gamle lystgarden Fastings Minde med adresse Haakon Shetelligs plass 11 er både det eldeste bygget i planområdet, og også det eldste bygget i UiB si eige. Bygget og den gjenverande hagen representerer den bergensk lysthus-tradisjonen: etablering av lystgardar/lysthus som fritidsbustadar for velståande byborgar, hovudsakleg i perioden 1750–1850. Fastings Minde ligg ytst på toppen på Sydneshaugen, og er i dag litt bortgøymt mellom dei andre større universitetsbygga. Området og restane etter den gamle hagen/eigedommen viser det meir kuperte terrenget som opphaveleg var å finne her. Landskapshagen som blei oppbygd rundt lysthuset er i dag delvis erstatta av ein nyare hage med grusgangar. Ein finn eldre historiske plantar og lindetre som truleg har vore del av ein allé som gjekk opp til huset.

I planområdet er det kun Sydneshaugen skole som blei bygd i tråd med det som var den opphavelege utbyggingsplanen for UiB, teikna av arkitekt Egill Reimers i 1917 (sjå skisse nederst på side 9). Det andre bygget som blei realisert ut ifrå denne planen er Historisk museum som ligg like utanfor planområdet.

Universitetsbiblioteket og HF-bygget frå 1960-åra representerer ei ny tid der UiB var i stor vekst, og skulle som nevnt eigentleg vera del av ein stortstil utbyggingsplan på Nygårdshøyden. Og i si tid representerte desse bygga noko heilt nytt med sin modernistiske arkiktektur. Sjølve plasseringa av Universitetsbiblioteket var om lag på tomta som Egill Reimers hadde sett av til bibliotek allereie i 1917, sjølv om bygget fekk eit heilt anna uttrykk enn i denne tidlege planen. Universitetsbiblioteket var det første av UiB sine formålsbygg i modernistisk stil. Det blei innvia i 1961, teikna av arkitektane Kåre Kvilhaug og Jo Svare. Det er i dag vedtaksfreda. Bygningen blei oppført i tidstypiske materialer – betong med fasadeutsmykning av keramiske fliser ut mot Haakon Shetelligs plass. Uteområdet rundt biblioteket utgjorde ein viktig del av bygget sitt heilskapelege uttrykk, og er også freda. Arkitektane var særskilt opptatt av dei eldre vegfara som gjekk i området og

den gamle alléen med lindetre opphaveleg tilhøyrande Fastings Minde. Det var eit bevisst val å bevare ein del av desse trea, som ein måte å knyte det moderne universitetsbiblioteket saman med den eldre historia i området.

HF-bygget var det første bygget som vart ferdigstilt på Nygårdshøyden etter at det vart endeleg bestemt at utbygginga av UiB skulle skje i dette området. HF-fakultetet var i 1950-åra i vekst både i talet på studentar og tilsette, og aktiviteten var fordelt på fleire bygg. Dette blei sett på som ei uheldig utvikling, og det blei bestemt at ein trengte eit eige bygg til faktultetet.

I 1959 då UiB overtok Sydneshaugen skole, blei det bestemt at HF-fakultetet skulle disponere denne til auditorie- og lesesalsbygg for grunnfag- og mellomfagsstudentar. I tillegg blei det bestemt å reise eit nybygg like ved skulen for å få plass til det vitskaplege personalet, kontorpersonalet og hovudfagsstudentane.

HF-bygget stod ferdig i 1967. Arkitektane Sverre Lied (1918–2014) og Peter Helland-Hansen (1917–1984) hadde båe erfaring frå fortidsminneforeininga og var i planane for bygget opptekne av å ta vare på lystgården Fastings Minde frå 1790 og andre historiske trekk i området. HF-bygget fekk også ei gjennomtenkt plassering i forhold korleis det i funksjon skulle samhandle med nabobygga. HF-bygget blei knytt saman med Universitetsbiblioteket i kjellarplanet ved hjelp av ein tunnell. Og til Sydneshaugen skole vart det bygd ei bru i 2. etasjes plan med innslag mellom søylene i vestveggen av sykkelstallen i skulebygget.

Bygården nordvest i planområdet må reknast som del av den historiske kvartalsbusetnaden i området, og fortel om busetnadshistoria på Nygårdshøyden. Den nære kontakten mellom Universitetet sine enkeltståande bygg frå ulike tidsepokar og privatbustadane har lenge vore eit sentralt og unikt trekk for det større kulturmiljøet på Nygårdshøyden. Bygården ligg i område for Nasjonale interesser i by/Murbyen Nygårdshøyden, og har høg arkitektonisk og historisk verdi.



Oversiktsbilde henta frå Hlm arkitekter.



Kartet henta frå Bergenskart.no viser oversikt over bygningsmiljø i og rundt planområdet. I ramma til høgre ser ein fargekoding av registrert busetnadsstruktur i området. Me har også lagt inn nummerering av bygningar, med oversikt på neste side. Planområdet er omtrentleg markert med lysegrønt felt.

Bebyggelsesstruktur

Bebyggelsesstruktur kartlagt av Byantik

- Åpen karrebebyggelse
- Hagebystruktur
- Kvartalstruktur
- Lamellbebyggelse
- Selvgrodd bebyggelse
- Tett bymessig trehusbebyggelse
- Variert småhusbebyggelse
- Villabebyggelse og frittliggende

1. FASTINGS MINDE (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Haakon Sheteligs plass 11
BYGGEÅR: 1791/ca.1830
ARKITEKT: Ukjent/Peter Helland-Hansen/Sverre Lied
DETALJAR : Eldste bygg i området, vedtaksfreda, Askeladden-ID 175077-1

2. BYGÅRD (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Ivar Aasens gate 1–3 / Dokkeveien 4–6 / Vinjes gate 1–5
BYGGEÅR: Ivar Aasens gate 1–3 bygd i 1912 /Vinjesgate 1 og Dokkevelein 4 bygd i 1914 /Vinjes gate 3–5 i 1931 / Dokkeveien 6 bygd i 1932.
ARKITEKT: Ukjent / Ukjent / Einar Oskar Schou
DETALJAR:Verneverdig (PBL kommunedelplaner). Ligg i område for Nasjonale interesser i By/Murbyen Nygårdshøyden.

3. SYDNESHAUGEN SKOLE (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Sydneshaugen 9
BYGGEÅR: 1921
ARKITEKT: Kaspar Hassel
DETALJAR:Vedtaksfreda, verneklasse 1. Inkluderer eksteriør, tilhøyrande uteområde og delar av interiør. Askeladden-ID Askeladden-ID 175092-1 / 175092-2.

4. UNIVERSITETSBIBLIOTEKET (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Haakon Sheteligs plass 7
BYGGEÅR: 1961
ARKITEKT: Kåre Kvilhaug og Jo Svare
DETALJAR: Modernistisk formspråk, vedtaksfreda(Askeladden-ID 175095-1)

5. HF-BYGGET (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Sydneshaugen 7
BYGGEÅR: 1967
ARKITEKT: Sverre Lied og Peter Helland-Hansen
DETALJAR: Ikkje vernevedtak, modernistisk/funksjonalistisk formspråk.

6. PARKERINGSANLEGG (PLANOMRÅDET)
ADRESSE: Dokkeveien 10
BYGGEÅR: 1970
ARKITEKT: Sverre Lied og Peter Helland-Hansen.

7. BYGÅRD
ADRESSE: Ivar Aasens gate 2, 4, 6, 8, 10, 12 / Dokkeveien 2D / Sydneshaugen 11, 13, 15, 17, 19, 21 / Sydnesplassen 10–11
BYGGEÅR: 1910–1912 / Sydneshaugen 21 bygd i 1899.
ARKITEKT: Ukjent
DETALJAR: Registrert som verneverdig kulturmiljø (PBL kommunedelplaner). Sydnesplassen 10–11 og Sydneshaugen 21 her har eiga registrering som bygg med høg antikvarisk verdi. Bygården ligg i område for Nasjonale interesser i By/Murbyen Nygårdshøyden.

8. BYGÅRD, SYDNESHAUGKVARTALET
ADRESSE: Dokkeveien 2B / Sydneshaugen 4, 6, 8, 10, 12, 14 / Sydnesplassen 12–13 / Øysteins gate 1 og 3
BYGGEÅR: 1880–1919
ARKITEKT: Schak Bull / Svein Ellingsen. Sydnesplassen 12 har ukjent arkitekt.
DETALJAR:Vedtaksfreda (Askeladden-ID 175086-1–10), og som tilhøyrer UiB (med unntak av nr. 6 som er privateigd). Sydneshaugen 6 er registrert som bygning av høg antikvarisk verdi (PBL kommunedelplaner). Bygården ligg i område for Nasjonale interesser i By/Murbyen Nygårdshøyden.

9. JOHANNESKIRKEN
ADRESSE: Sydnesplassen 5
BYGGEÅR: 1894
ARKITEKT: Herma Major Backer
DETALJAR: Listeført.

10. MIDLERTIDIG BARNESKULE
ADRESSE: Haakon Sheteligs plass 5
BYGGEÅR: 2015

11. UIB-BYGG, ELDRE VILLAER
ADRESSE: Langes gate 1 og 3
BYGGEÅR: 1874 / 1839
ARKITEKT: Ukjent
DETALJAR: Eldre villaer i UiB si eige, som i 2001 blei knytt saman med ein glaspaviljong.Vedtaksfreda (Askeladden-ID 175073-1/2)

12. DE NATURHISTORISKE SAMLINGER, MED TILHØYRANDE ANLEGG
ADRESSE: Muséplassen 3
BYGGEÅR: 1865/1898
ARKITEKT: Johan Henrik Nebelong / Hans Jacob Sparre
DETALJAR: Hovudbygnigna i byuniversitetet UiB. Bygd til Bergen Museum som i dag er del av UiB. Vedtaksfreda, Askeladden 175075-1.

13. MURBYGG
ADRESSE: Joachim Frieles gate 1
BYGGEÅR: Ukjent statusår, bygd før 1907
ARKITEKT: Usikkert
DETALJAR:Verneverdig (PBL kommunedelplaner). Skulle eigentleg rivast ved bygginga av Historisk museum.

14. HISTORISK MUSEUM
ADRESSE: Haakon Sheteligs plass 10
BYGGEÅR: 1921–1927
ARKITEKT: Egill Reimers
DETALJAR: Borgliknande anlegg, del av Reimers sin opphavelege reguleringsplan for universitetsområde teikna i 1917.Vedtaksfreda (Askeladden-ID 175099-1).

15. SJØFARTSMUSEET
ADRESSE: Haakon Sheteligs plass 15
BYGGEÅR: 1962
ARKITEKT: Per Grieg
DETALJAR: Monumental romansk stil med steinveggar.

Områdebilder frå dagens kultur- og bygningsmiljø



Områdebilde, tatt frå nordaust. Johanneskirken til venstre med tilhøyrande parkområde, Sydneshaugen skole i midten og bygardar til høgre.



Områdebilde, tatt frå nordaust. Universitetsbiblioteket til venstre, HF-bygget i midten og Sydneshaugen skole til høgre.





Områdebilde planområdet, Universitetsbiblioteket og HF-bygget med tilhøyrande uteområder og gangvegar.



Eksempel på siktlinjer i planområdet. Bildet er tatt frå søraust.



Eksempel på siktlinjer i planområdet. Bildet er tatt frå norvest.





Eksempel på korleis «nybygga» frå 1960-åra blei sett i relasjon til historiske element i området og korleis dei forheld seg til kvarandre. På bildet til venstre ser ein Fastings Minde og HF-bygget. Her skjedde tilpasninga ved at ein beheldt viktige landskapstrekk, hage og trær. HF-bygget er heller ikkje for ruvande, og konkurrerer ikkje i formspråk med Fastings Minde sine langt rikare detaljar. På bildet til høgre ser ein korleis dei to bygga frå 1960-åra forheld seg til kvarandre i volum, material og formspråk, men også korleis det historiske er implementert med bruk av steinmurar og bevaring av eldre tre.



Eksempel på siktlinje mellom Universitetsbiblioteket og HF-bygget til andre sentrale bygg i området – Sjøfartsmuseet og Historisk museum.



Sjøfartsmuseet og Historisk museum sett frå planområdet.



Uteområde mellom HF-bygget, Universitetsbiblioteket, Fastings Minde og Sjøfartsmuseet.



Sjøfartsmuseet til venstre, Fastings Minde i midten og HF-bygget. Legg merke til knausen framfor Fastings Minde og eldre bevarte tre.



Planområdet i nordvest. Sydneshaugen skole til venstre, HF, bygget med sykkelskur og parkeringsplass.



Planområdet i nordvest. Parkeringsplass, bygard med adresse Vinjes gate/ Ivar Aasens gate / Dokkeveien. Sydneshaugen til høgre.



Planområdet i nordvest. Bygard med adresse Vinjes gate/ Ivar Aasens gate / Dokkeveien.



Planområdet i nordvest. Bygard til høgre og Sydneshaugen skole til venstre, ved Vinjes gate.



Dokkeveien og parkeringsanlegg og parkeringsplassar i planområdet.



Dokkeveien og parkeringsanlegget frå 1970. I bakgrunnen bygarden i planområdet.



Bygard i planområdet, langs Dokkeveien.



Kulturmiljø like ved planområdet i nordvest, ved Ivar Aasens gate / Dokkeveien.



Ivar Aasens gate / Dokkeveien. Til høgre i bildet ser ein delar av bygarden i planområdet og Sydneshaugen skole.



Kulturmiljø like ved planområdet i nordaust, Sydneshaugen.

Kulturminner i området

Planområdet og området rundt er særs rikt på kulturminner. I kommuneplanen sin arealdel 2018 ligg det i hensynssone for kulturmiljø, H570_2O. Planområdet ligg også delvis innafor bestemmelsesområde #4. Planområdet er også i Riksantikvaren sitt NB-register, som del av kulturmiljø av nasjonal interesse. I 2014 blei 38 av UiB sine bygningar formelt freda, som del av *Landsvernplan for Kunnskapsdepartementet – vern av bygningar / eigedommar i statleg eige*. Hovudparten av desse bygningane ligg på Nygårdshøgden. I planområdet ligg tre av desse – Fastings Minde (Askeladden-ID 175077-1), Sydneshaugen skole med gårdsplass (Askeladden-ID 175092-1 / 175092-2) og Universitetsbiblioteket med uteområde (Askeladden-ID 175095-1). Nordvest i planområdet ligg ein eldre bygård med adresser Ivar Aasens gate 1–3 / Dokkeveien 4–6 / Vinjes gate 1–5. Bygården og tilhøyrande bakgård er på Bergenskart.no registrert som verneverdig kulturmiljø. Også HF-bygget sør i planområdet, er registrert som verneverdig bygg.

Rundt planområdet finn ein også ei rekke vedtaksfreda og verneverdige bygg/områder. Like nord for planområdet ligg ein eldre bygård med adresser Ivar Aasens gate 2–12 / Dokkeveien 2D / Sydneshaugen 11–21 / Sydnesplassen 10–11. Denne er i Bergenskart.no registrert som verneverdig kulturmiljø. Merk at Sydnesplassen 10–11 og Sydneshaugen 21 her har eiga registrering som bygg med høg antikvarisk verdi. I dette området finn ein også Sydneshaugkvartalet som er freda (Askeladden-ID 175086-1–10), og som tilhøyrer UiB (med unntak av nr. 6 som er privateigd). Like nord for planområdet finn ein også Johanneskirken som er listeført. Nordaust for planområdet ligg Langes gate 1 og 3, eigd av UiB og freda (Askeladden-ID 175073-2). Like aust for planområdet finn ein Muséplass 3, De naturhistoriske samlinger med tilhøyrande botanisk hageanlegg, gartnerbustad og veksthus. Heile anlegget er freda. (Askeladden-ID 175075-1–2). Like søraust for planområdet finn ein De kulturhistoriske samlinger/Historisk museum med tilhøyrande uteområde som også er freda. (Askeladden-ID 175099-1). Bergens Sjøfartsmuseum like ved er registrert som verneverdig kulturmiljø.

Både i og rundt planområdet er det ei rekke SEFRAK-registrerte bygg, sjå kart side 13. Historiske vegfar i/nær planområdet er kartfesta på side 5.



Kartet over er henta frå UiB sine nettsider, og viser freda og verneverdige bygg/uteområder i UiB si eige i og nær planområdet. Raud markering viser freda bygg, rosa markering viser verneverdige bygg og grøn skravering viser freda uteområder/hageanlegg.



Oversiktskart frå Bergenskart.no over kulturminneforekomster i og like rundt planområdet. Planområdet er omtrentleg markert med grønt felt. Kartet viser kulturminner registrert i Askeladden (lilla markering med K + området markert med prikkar indikerer freda eller listeførte uteområder). Skravert område med skråstilte striper viser områder for «Nasjonale interesser by» / «kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse» / «regionalt kulturmiljø». Dei andre fargekodane i kartet viser andre oppføringar i PBL, kommunedelplanar. Lyse rosa markeringar er registrerte verneverdige kulturmiljø, skarp rosa markeringar er bygg med høg antikvarisk verdi og gul markering viser verneverdig nyare arkitektur. Kjelde: Bergenskart.no.



SEFRAK-registrerte bygg i området. Planområdet omtrentleg markert med grønt. Kjelde: Bergenskart.no.

Skildring av berørte bygg i planområdet

Sydneshaugen skole

Sydneshaugen skole, bygd i 1921 og teikna av byarkitekt Kaspar Hassel, vart 18. juni 2014 freda etter Kulturminnelova. Som eit av dei freda bygga ved UiB er det utarbeidd ein omfattande forvaltingsplan for bygget (2018). I skildringa av dei kulturhistoriske verdiane ved skulebygget, baserer me oss i stor grad på denne forvaltningsplanen.

Byarkitekt Kaspar Hassel står bak mange av dei monumentale skulebygga i Bergen. I 1916 utarbeidde han eit første forslag til regulering av bygginga som skulle skje på Fastings Minde. Byggearbeidet på Sydneshaugen skole byrja same år, og då den monumentale skulebygningen sto ferdig i 1921 var det eit påkosta anlegg i mellomalderleg formspråk som møtte middelskuleelevane. I boka *Byuniversitetet i Bergen. Freda og i full vigør* skildrar Eva Røyrane skulen som «eit heilskapeleg forma kunstverk». Og påpeiker også at det overordna mellomalderpreget hadde referansar til både nyrenessansen og til lokal, bergensk byggeskikk frå 1700-talet.

Skulen var innlemma i arkitekt Egill Reimer sin plan for det framtidige universitetsområdet på Fastings Minde og er som tidlegare nemnt, saman med Historisk museum, det einaste bygget reist i samsvar med denne planen.

Sydneshaugen skole, bygd i ei borgliknande form rundt skulegarden har framleis det opphavelege heilskapsinntrykket sitt. Arkitekt Hassel sette sitt preg på bygget heilt ned i dei små detaljane av både eksteriør og interiør. Bygget har ein markert hovudinngang i nordaust dekorert i hogd granitt under ein balkong med steinrekkverk. Dei fire fløyane i slemma teglstein varierer i høgde mellom to og tre etasjer. Høgdeskilandene gir eit variert taklandskap med svarte, glaserte takpanner. Ytterfasadane har meir forseggjort dekor enn fasadane vendt inn mot skulegarden. Dei asymetriske, komplekse og varierte formene saman med den reine dekoren i teglfasadane sender tankane mot slott og borganlegg frå mellomalderen.





Fasade mot aust, ut mot Ivar Aasens gate. Fasaden framstår i dag som original. Foto: UiB.



Detalj Sydneshaugen skole fasade mot aust, hovudinngang.



Fasade mot nord. Foto: UiB.

Gardsrommet – Gardsrommet har si opphavelege form. Ein kjem inn i rommet gjennom ein kvitmåla bogekvelving i sør. Dei gamle mektige tuntrea er iallfall frå tida då skulen vart gjort om til universitetsområde etter Endre Vik sin plan (1966/67). Det sentralt plasserte bassenget og betonghellene rundt dette er spor etter denne planen. For fasadane inn mot gardsrommet legg ein merke til at vindauga er ramma inn av felt med inntrukke tegl. Denne dekoren får fleire element oppover i etasjane. Det er og felt av granitt som bryt opp dei store veggflatene.



Fasade mot vest. Foto: UiB.



Fasade inn mot gardsrommet, mot nord. Foto: UiB.



Fasade mot vest. Foto: UiB.



Fasade inn mot gardsrommet, mot aust. Foto: UiB.



Fasade inn mot gardsrommet, mot sør. Foto: UiB.



Fasade inn mot gardsrommet, mot vest. Foto: UiB.



Skissene over viser eksisterande fasadar. Skissene er henta frå HLM arkitektur sin moglegheitsstudie.

Interiør – Mellom dei mange forseggjorte skulebygga frå dei første tiåra etter 1900 skil Sydneshaugen skole seg ut gjennom sitt gedigne og dekorerte interiør. Utsmykkinga av dekormalar Salomon Sørensen frå Laksevåg finn vi dei boga opningane over dei fleste dører samt i tak over trapperom og i vestibyler. Flislagt golv og høge brystningar i raud teglstein pregar dei mange trappeløpa og breie korridorane i bygget.

Planløysinga i første etasje i Sydneshaugen skole er nær opphaveleg. Mest iaugefallande er kanskje inngangspartiet og trapperomet i hovudinngangen i denne etasjen. Her er vindauga originale, ytterdøra teke vare på og dekoren understrekar at det er tale om hovudinngangen i bygget. Vestibylen har den karakteristiske brystninga i teglstein, terracottafliser på golvet, rikt dekorerte veggar og ei mørk, malt trehimling.

Spesielt nemnt i fredingsvedtaket av skulebygget er auditorium R. Her er det opphavelege undervisningsrommet frå tida då UiB overtok (1966/67) teke vare på. Benkeraden har fått stå og i det kalka og måla rommet sender dei eit ekko attende i undervisningshistoria bygget står i.

Trapperom – Trapperomma er eit anna framtredande trekk ved Sydneshaugen skole. Ser vi på hovudtrappa i nord, så er dei massive trinna prikkhogd granitt lagt rundt ei nyare heis. Rekkverket er i smijarn med handtak i forseggjort edeltre, i veggen finn vi brystninga i teglstein.

For trapperomet i sør er inntrykket enno meir opphaveleg – Trapperomet er særmerkt i sin dekorerte kuppel i 3. etasje. Dei vakre fuglemotiva i denne vendt oppover kommuniserer med dei meir undersjøiske motiva i første etasjen.

Noko enklare er trapperommet i vest. Første del rett opp den gamle festsalen er utan rekkverk, men med brystning i teglstein. Trapperommet har originale terracottafliser og trappetrinna i prikkhogd granitt – for den andre delen av trappa er det og rekkverk.

Korridorar – Korridorane i Sydneshaugen skole er sentrale for det autentiske preget. Dei ligg i ytterkant av bygget, vendt ut mot gata og de kjem godt med lys inn gjennom vindauga. Brystninga i teglstein strekk seg nesten to meter opp langs veggane og nordfløyen er og den originale dekorranden over denne brystninga teke vare på. Over dører finn ein kalkmaleri på kalkpussen.

Endringshistorie – UiB overtok Sydneshaugen skole i 1960. Meir avgjerande for bygningshistorien var rehabiliteringa og ombygginga som skjedde i 1966/1967. Arkitektane Peter Helland-Hansen og Sverre Lied stod for utforminga av den overbygde korridoren som sette skulen i direkte kontakt med det nye HF-bygget. Opninga for korridoren kom i vestveggen av den opphavelege sykkelstallen.

Med UiB sitt inntog i bygget vart det gjort fleire endringar. Gymsalar vart innreidde til auditorium og det vart midlertidig kantine der festsalen hadde vore. Renoveringa innbar også ombygging av to leiligheiter som hadde vore søraust i bygget og eit badeanlegg med svømmebasseng i austfløya. Nytt eletrisk anlegg, utskifting av ein del vindauger og dører, fyringsanlegg og ny vvs var og ein del av renovasjonsplanen til Helland-Hansen og Sverre Lied. Grunnstrukturen i bygget, med korridorar langs ytterveggar og undervisningsrom inn mot skuleplassen vart derimot ikkje endra.

Ei større endring av bygget fann og stad i 1995, då det vart bygd heis i trapperommet i det nordaustre hjørnet av skulen. Rehabiliteringar fann og stad i 1999-2002 (brannsirking, nytt ventilasjonsanlegg og ein del nye vindauge og dører) og i 2011-2014 då skulens interiør vart oppgradert.

I HLM Arkitektur sin moglegheitsstudie er interiøret i bygget grundig dokumentert. Me viser difor til denne for ytterlegare informasjon, i tillegg til UiB sin forvaltningsplan for bygget. På dei følgande sidene er HLM si registrering og fotodokumentasjon av innvendig interiør vedlagt.

REGISTRERING

ETASJE 1



1. Vestibyle østfløy - første etasje, rikt på detaljer.



2. Detaljbilde vestibyle østfløy - første etasje. Mørk malt trehimling.



3. Detaljbilde vestibyle østfløy - første etasje, freskene i ble nylig restaurert og i stor del tilbakeført til opprinnelig utseende. Havfruer og undersjøiske planter er hovedmotiv.



4. Korridor i skolen nordfløy. Denne korridor er den endeste som viser orginale dekoren over tegelbrystningen.



5. Vestibyle vestfløy - første etasje. I denne vestibylen er overflatene over brystningen måtte. Trolgtvis finnes orginale dekor under den moderne malingen.



6. Tropperom vestfløy - første etasje opp till tidligere festesal nå kantine. Trolgtvis orginal dekor under modern måling



7. Auditorium A, det største auditroiumet i skolen, tidligere gymnastikksal.



8. Kjøkken vestfløy - første etasje. Ursprungligt var her ett sykkelstal og gjenomgang in till gårdrommet med ble laget om till kantine i 1990, denne nye trap og matheis ble lagt til i samme period.



9. Kantine i første etasje. Ursprungligt var her ett sykkelstal og gjenomgang in till gårdrommet med blev laget om till kantine i 1990 og disse vinduer ble satt in.



10. Auditorium R , det eneste bevarte opprinnerlige undervisningsrommet i skolen.



11. Vestibyle sørfløy - første etasje, rikt på detaljer.



12. Korridor i skolens østfløy første etasje. Orginale overflater med unntak av nyere himlinger.





REGISTRERING

ETASJE 1.5



13. Trapperomet fra tidligere festesalen i vestfløyen. Her er ikke dekor på vegger og runt vinduer, trolig er det under et lag av moderne maling.



14. Detaljbilde glasskuper i tak. Alle takkuper er fra 1999/2000 men antes vare lek opprinnglige lamper.



15. Toalett i vestfløyen. Opprinelig omkledningsrom til gymsalen. Orginalle terracotta flis på gulv.



16. Overgang til HF bygget i 1967. Opprenelig garderobe til gymsalen.



17. Overgangen til HF-bygget ble laget i 1967 nar UIB tag over Sydneshaugens skole.



18. Tidligere festesalen ble laget om till kantine i 1990. Av originale overflaterer er brystning på vegg igjen, samt listverk og dekor mot tak. Farger er trolig ikke som originale.



19. Detaljbilde rektorsbolig, orginalle treverk i trapperom.



20. Detaljbilde rektorsbolig, orginalle peis.





REGISTRERING

ETASJE 2



21. Trapperom østfløy - andre etasje, preget av opprinnelig materialer på alle overflater. Lys og dekorert himling.



22. Detaljbilde - trapperom østfløy andre etasje. Minnesmerke fra andre verdenskrig innfelt i vegg mot nord.



23. Detaljbilde - trapperom østfløy andre etasje. Minnesmerke fra andre verdenskrig innfelt i vegg mot nord.



25. Korridor nordfløy andre etasje. Orginale dør dekor har blivit målet over.



25. Detaljbilde korridor nordfløy - andre etasje. Her har orginale dør dekor har blivit målet over.



26. Korridor skolens vestfløy. Ferske med motiv fra plante og dyreriket.



27. Trapperom B. Trappeheis er lagt in i for universial utforming til Auditorium B og toaletter.



28. Ny romingstrapp ble laget i ombyggningen fra gymnastiksal til auditorium i 1961.



29. Small trapp som forbinder denne etasjen med overgangen till HF-bygget under.



30. Loft over kantine - metallkonstruksjon, nytt ventilasjonsanlegg



31. Trapperom sørfløy - andre etasje, fine detaljer.



32. Korridor østfløy andre etasje - dør dekor planter og dyr.





REGISTRERING

ETASJE 3



33. Vestbyle østfløy - 3 etasje, spesielt og rikt dekorert.



34. Detaljbilde vestbyle østfløy - 3e etasje, spesielt og rikt dekorert.



35. Korridor tredje etasje, skalens sørfløy. Ny rampe og okergul stripe over brystning



36. Detaljbilde korridor tredje etasje, skalens sørfløy. Tidligere opning men satt igjen med tegl.



37. Korridor tredje etasje, skalens vestfløy. Lite orginalle detaljer. Tidligere var her ett stort arbeidsvaresle.



38. Korridor tredje etasje, skalens østfløy. Orginale overflater med unntak av nyere himlinger.



39. Detaljbilde korridor tredje etasje, skalens østfløy. Dør dekor prydet med fugler og stjerner.



40. Detaljbilde korridor tredje etasje, skalens østfløy. Utsnitt av hur taket er over himlingen.



REGISTRERING

ETASJE 4



41. Vestibyle fjerde etasje. Orginale overflater med unntak av nyere himlinger.



42. Loft / ventilasjonsrom fjerde etasje skolens nordfløy. Fin takkonstruksjon



43. Lesesal fjerde etasje, skolens østfløy. Nye overflater og ventelasjonsanlegg.



44. Lesesal fjerde etasje, skolens østfløy. Nye overflater og ventelasjonsanlegg.



45. Korridor fjerde etasje, skolens sørfløy.



46. Detaljbilde trapperom B fjerde etasje. Dekorasjon i taket over trapp.



47. Detaljbilde trapperom B fjerde etasje. Dekorasjon i taket over trapp.



OVERFLATER

	Original	Justert	Ikke original
Gulv	✓	○	—
Himling	✓	○	—
Dør dikker	✓	○	—
Vegg dikker	✓	○	—

SYMBOLER

	Fredet areal	
	Endringer rom	(mellom 1964-2019)
	Nye element	(mellom 1964-2019)
	Nye vegger	(mellom 1964-2019)
	Åpning i vegg	(mellom 1964-2019)

Formålet med fredinga av Sydneshaugen skole – I fredningsbestemmelsane heiter det at ein ikkje skal iverksette tiltak for bygget som motverkar formålet med fredinga. Formålet med fredinga «...er å sikre Sydneshaugen skole som et representativt og påkostet skoleanlegg fra begynnelsen av 1900-tallet av høy kulturhistorisk og arkitekturhistorisk verdi. Formålet med fredning av auditorium R i 1. etasje er å sikre rommets form, planløsning og benkerader. Formålet med fredningen er videre å sikre hovedstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringen så som fasadeløsning, opprinnelige og eldre deler som dører og vinduer, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredning av interiør er å opprettholde opprinnelig rominndeling med opprinnelige og eldre bygningsdeler, overflater og materialbruk, belysning, armaturer og detaljer, samt opprinnelig fast inventar.» Fredingsvedtaket omfattar også dne indre skulegarden, der føremålet «...er å sikre skolegården som en integrert del av skoleanlegget.»

Mogelegheitsstudie –
Som eit grunnlag for arbeidet med å innlemme Sydneshaugen skole tettare i nytt HF-campus har UiB saman med HLM arkitektur utarbeidd ei mogelegheitsstudie for Sydneshaugen skole. Denne ligg til grunn for tiltaka det vert søkt om. I mogelegheitsstudien er det utarbeidd eit verdirekneskap som skil mellom vereverdiane i bygget. Sonar av høg verdi «...inkluderer de viktigste, mest spesielle og ornamenterte delene av skolen. Som de tre trapperommene og auditoriet R i første etasje.» Neste side viser ei oversikt over verdirekneskapet.

Planlagde endringar på Sydneshaugen skule som følge av nybygget, og konsekvensane av desse, er skissert avslutningsvis i denne rapporten på side 55.



ETASJE 1



ETASJE 1.5



ETASJE 2



ETASJE 3



ETASJE 4

NLM ARKITEKTUR

VERDIREGNSKAP

FREDNING OG VERNEVERDIER

For å skape en forståelse for denne fredingen og gjøre så overveide tilltak i skolen som mulig, har vi utarbeidet et verdiregnskap og differensiert skolens arealer i tre soner- høy verdi, noen verdier og lite verdier.

HØY VERDI
Denne sonen inkluderer de viktigste, mest spesielle og ornamenterte deleine av skolen. Som de tre trapperommene og auditoriet 8 i første etasje. Her ser vi for oss kun små inngrep som å legge til ønt inventar.

NOEN VERDIER
Denne sone inkluderer den fredete korridorerne i skolen. Her er det gjort noen endringer over tid. Vi ser att man skulle kunne utfodre fredningen gjenom å gjøre lite større eppninger og endringer i korridorløsningen. Forsatt med hensyn til dekorasjoner og befintlige öppningen.

LITE VERDI
Denne sonen er ikke fredet og inkluderer kantine, drifsarealer og generelle læringsarealer. I kantinen og de store auditoriene har mange ombygginger over tid gjort rommene vanskelige å lese, der har medført mange nivåforskjeller samt skjult de originale kvalitetene.

De generelle læringsarealene fungerer, men er ikke tilpasset til hvordan studenter arbeider nå for tiden. I denne sonen ser vi at ombygginger og endringer skal skje på en måte som gjøre at skolens originale kvaliteter vises igen, samtidig som skolen også tilpasses til et læringssenthum for fremtiden.

HF-bygget

Då HF-bygget med sine 33700 m2 stod klart til innflytting 1. juli 1967 var det eit bygg som i kunsthistorikar Siri Skjold Lexau si tolking «...representerte både samtidens idealer for nøkterne kontor- og undervisningsbygg, og en følsomhet for tilpasning til omgivelsene». Dette hadde Lied og Helland-Hansen oppnådd ved å konstruere eit bygningskompleks i samansette former med ulike poposjonar, og med stort omsyn til dei omkringliggande historiske bygga. Det blei tatt omsyn både i høgd, volum, og fargebruk, og også i landskapsbearbeidinga for å skape kontakt mellom og gode overgangar til historisk og ny arkitektur.

HF-bygget har eit modernistisk og funksjonalistisk formspråk. Og dei tre hovudelementa i HF-bygget vart i ferdigmeldinga for bygget omtala som ei «...karréblokk i 4 etasjer med kjeller under hele grunnflaten.», ei mindre blokk i 3 etasjar der den underste etasjen var open samt «...en liten blokk(«-utstikker») i 2. etasjes plan, bygget på søyler, for lesesal.» Særmerkt ved den høgste av dei tre formene, er at den er bygd med eit atrium i midten. Frå denne hovudelen av bygget er det og ein baldakin som tydeleg markerer hovudinngangen. HF-bygget blei som tidlegare nemnt knytt til Universitetsbiblioteket i kjellarplanet ved hjelp av ein tunnell. Til Sydneshaugen skole vart det bygd ei gangbru i 2. etasjes plan med innslag mellom søylene i vestveggen av sykkelstallen i skulebygget.

HF-bygget var med sine 163 kontor, 1800 m2 magasinplass for bøker, tilfluktsrom med plass til 500 og opparbeidd parkering for 110 bilar eit påkosta og omfattande nybygg, planlagt for fakultetet si framtid. Det var bygd som eit systembygg med fleksibel rominndeling. Trygt fundamentert på solid fjell og med utsprengd kjellar. Innvendig berande veggar og søyler er reiste i armert betong. Søylene i fasaden er prefabrikerte, plasstøypte veggar er prikkmeisla. Betongen har dels fått fargetilsetning. Det er særleg regnhuda, den utvendige brystninga utført i betongelement med frilagte stein-materi-



Skisse frå Byggesaksarkivet datert 1965, viser det planlagde HF-bygget i relasjon til nabobygga i planområdet.

aler som gir bygget den nøkterne framtoninga. Bak regnhuda er det lette treveggar med brannherdig kledning. Fasadane har bandvindauge. Kunsthistorikar Siri Skjold Lexau har skrive dette om materialvala i bygget: «Materialbruken er i samsvar med tidens fascinasjon for betongens uttrykksformer, og eksperimenteringen med ulike former for plasstøpte og prefabrikerte elemeter. Sansen for ubehandlede overflater og rustikke materialkvaliteter er tydelig og den duse fargeskalaen var ment som rolig bakgrunn for møbler og tekstiler i en komplementær og sprek fargepalett som også skulle synes utenfra. Arkitektene ønsket eksempelvis at gardinene skulle kle bån dvinduene i en farge som reflekterte den varmgule fasadefargen på nabobygningen Sydneshaugen skole». I tillegg blei uteområdet rundt bygget opphaveleg lagt med prefabrikerte betongheller i lyse og mørke tonar.

Atriet hadde opphaveleg ein viktig og gjennomtenkt funksjon i bygget – det skulle vera eit ope rom for den gode samtalen blant dei som arbeidde og studerte her. Dette medførte imidlertid mykje støy for dei tilsette som hadde kontor ut mot atriet, og det kunne dermed ikkje nyttast slik det vart tenkt. Atriet var også tenkt å skulle vera ein plass med rik og frodig vegetasjon og med kunstnerisk utsmykning – som ein kontrast til dei avstemte materiala i bygget. Atriet fekk opp gjennom tiåra ein forsmådd rolle i bygget, lite innbydande og avstengt med store glasruter.

Når ein går inn i den opne og stilreine hovudinngangen i HF-bygget får ein med ein gong auge på dei påkosta terrazzoflisene på golvet. Trappa opp til neste etasje er også eit blikkfang i seg sjølv – i det heile er trappeløpa oppover i etasjane eit sentralt og gjennomgåande element i bygget. Dei «fritthengande» trappetrinna er originale og påkosta prefabrikerte terrazzotrinn. Handlistene er i edeltre (uvisst kva sort). Det er brukt edeltre som eit gjennomgåande stilelement i bygget, som eit varmt og naturleg uttrykk mot dei prikkmeisla betongveggane. Samtidig kan ein tenke seg at bruken av edeltre også kan tolkast som ein referanse til fasaden på nabobygget Universitetsbiblioteket – der det er teak i vindaugsomramminga på fasaden.

Opphaveleg var elles innerdører, innreiingsdetaljar og bokhyller beisa i ein brun/grøn farge, med mørkt grågrønt linoleumsbelegg på golvet i korridorar og kontor. I dag er golvbelegget i nye fargetonar, dei fleste dører er skifta ut og den gjennomførte møbleringa bygget ein gong hadde er borte. Toaletta hadde grå mosaikkfliser og var innreidde med skilleveggar i varmbrun edeltrefiner. Berre to av toaletta har det opphavelege interiøret i dag.

Planløysinga og rominndelinga er i stor grad lik den opphavelege i hovudblokka, det er ingen større endringar som kjem fram i Byggesaksarkivet. Naturleg nok har funksjonen til ein del av for eksempel grupperomma endra bruksområder opp igjennom. Dei største endringane i hovudblokka er endringane i materialval ved oppgraderingar, og at originale detalj- og interiørelement har blitt fjerna og slik svekka heilskapen i det opphavelege uttrykket betydeleg.

S-blokka

I planforslaget er S-blokka med sine tre etasjer tenkt rive. S-blokka er den delen av HF-bygget som har gjennomgått dei største endringane. Då HF-bygget stod ferdig var det ein garasje (carport) i første etasje av S-blokka. Denne vart nytta som biloppstillingsplass for omlag 18 bilar. I 1989 vart det søkt om å ta dette arealet i bruk som biliotek/bokmagasin. Ser ein på planteikningar frå 1965 opp mot dagens situasjon er endringane i rominndeling og interiør i første etajse av S-blokka tydeleg. Sjå planteikningar og bilder frå synfaring på side 46–48 for detaljar.



Over: HF-bygget og tilhøyrande uteområde kort tid etter at det stod ferdig. Under til venstrte: Planområdet under bygging av HF-bygget. Foto: Bergens Tidende, Arkiv: Nasjonalbiblioteket.









HF-bygget. Hovudfasade mot nordaust. Øvst ser ein den originale arkitektteikninga frå 1965, henta frå Byggesaks-arkivet. Under ser ein bilder tatt frå synfaring i 2020.











HF-bygger, fasade mot nordvest. Øvst ser ein den originale arkitektteikninga frå 1965 henta frå Byggesaksarkivet. Under ser ein bilder tatt under synfaring. Her ser ein delen av bygget som har fått namnet S-blokka og gangbrua mellom bygget og Sydneshaugen skole. Ein ser også sykkelskuret som er sett opp framfor S-blokka. På bildet nedst vil høgre ser ein HF-bygget saman med restar av det historisk kuperte terrenget i området og eit eldre tre som er bevart. Til venstre i bildet ser ein så vidt parkeringsanlegget og trapp ned frå HF-bygget til anlegget.



HF-bygget, fasade mot sørvest. Øvst ser ein den originale arkitektteikninga frå 1965 henta frå Byggesaksarkivet. Under ser ein bilder tatt under synfaring.









HF-bygget, fasade mot søraust. Øvst ser ein den originale arkitektteikninga frå 1965 henta frå Byggesaksarkivet. Under ser ein bilder tatt under synfaring.









HF-bygget, original planløysing kjellar. Kjelde: Byggesaksarkivet.



HF-bygget, original planløysing første etasje. Kjelde: Byggesaksarkivet.



HF-bygget, original planløysing andre etasje. Kjelde: Byggesaksarkivet.



HF-bygget, original planløysing tredje etasje. Kjelde: Byggesaksarkivet.













Bilder frå synfaring, atrium og første etasje. Legg merke til terrazzo-fliser på golvet, original trapp og heis. Søyler og veggar i betong og teglstein.







Fleire detaljar første etasje.



















Interiørbilder oppover i etasjane, HF-bygget hovudblokka. Dei originale detaljane går igjen gjennom alle etasjane. På bildet like over ser ein det som må vera eit originalt tak med lister i lasert brun/grøntone. I korridorane elles ser det i hovudsak ut til at taket er blitt seinka for å gje plass til nytt vantilasjonsanlegg i seinare tid.





















Interiørbilde HF-bygget. Original innreiing på toalett, med skilleveggar i edeltrefiner og mosaikkfliser.







Interiørbilde HF-bygget. Lesesal i L-blokka og opphaldsområde like utanfor.



S-blokka 1. etasje 1965. Kjelde: Byggesaksarkivet.



S-blokka 1. etasje 1989. Kjelde: Byggesaksarkivet.















Dagens situasjon i S-blokka 1. etasje, der det opphaveleg var garasje då bygget stod ferdig i 1965.





Detalj – gangbrua mellom HF-bygget og Sydneshaugen skole.





Interiørdetaljane i S-blokka er likt som i resten av HF-bygget: Prikkmeisla betongsøyler, Dører og listverk lasert i grøn- og bruntonar. Glasdører med solide handtak av edeltre. Golvbelegget er som for resten av bygget skifta ut i seinare tid. Mange av kontordørene i denne delen av bygget ser ut til å vera originale.

Garasjeanlegg og sykkelskur

Nordaust for S-blokka vart det i 1970 sett opp eit garasjeanlegg med ankomstar frå Dokkeveien og Vinjes gate. Parkeringsanlegget vart bygd lågt i terrenget i to etasjar. Det har ein bakvegg i betong som ligg under terrenget, men ein særmerkt og vakkert utført open front med gitter utforma med Cortenstål. Her er også brukt gråsteinsmurar både sjølve parkeringsanlegget og i utvendig trapp mellom parkeringsanlegget og HF-bygget. Anlegget har støpt dekke og opptek eit areal på 1175 m2. Parkeringsanlegget er planlagd av dei same arkitektane som teikna HF-bygget, og viser gode arkitektoniske kvalitetar. Desse kvalitetane kjem til uttrykk både i materialbruken og i korleis anlegget er forma etter gateløpet til Dokkeveien. Parkeringsanlegget er no føreslått rive som følge av nybygget.

Parkeringsanlegget har eit flatt tak i høgd med terrenget og oppå taket stod eit sykkelskur ferdig i 2014. Skuret har eit samla areal på 72m2.



Arkitektteikning av parkeringsanlegget frå 1970.
Kjelde: Byggesaksarkivet.



Den opne fronten har ein boga fasade i Cortenstål. Her innkjøyringa frå Dokkeveien.



Den opne fronten har ein boga fasade i Cortenstål. Her innkjøyringa frå Dokkeveien. Merk trapp i tilknytning til HF-bygget.



Inngang lenger oppe i Dokkeveien like ved bygarden i planområdet. Legg merke til kombinasjonen av steinmurar og cortenstål.



Inne i garasjeanlegget er er det betongsøyler som gir romma symmetrisk preg.



Framfor S-blokka ser ein sykkelskuret sett opp i 2014, og som er planlagd rive i samband med nybyget.

Avslutning – nybygget og konsekvensar for det eksisterande kulturmiljøet

Nybygget i planområdet er tenkt reist i eit NB-område / område markert med hensynssone H570 med store verneverdiar. Her skal takast omsyn til eksisterande kultur- og bygningsmiljø både i og utanfor planområdet. Og det skal takast omsyn til freda og verneverdige bygg like i nærleiken av nybygget – særskilt då Sydneshaugen skole og HF-bygget, men også nærliggande bygningskompleks som bygarden i Vinjesgate som blir næraste nabo til nybygget.

S-blokka og tilliggande parkeringsanlegg er tenkt rive, noko som i seg sjølv i såfall vil utgjera ei betydeleg endring av eksisterande kulturmiljø. Eit nybygg vil utgjere eit framandelement i området – i eit planområde der det ikkje er blitt bygd noko nytt sidan 1960-åra. Nybygget vil få klare konsekvensar både for det eksisterande kulturmiljøet det blir sett inn i, men også heilt konkret i at det skal koplast på Sydneshaugen skule og HF-bygget.

Karakteristisk for dagens planområde er frittståande bygningar, opne uteområder og gangareal og frie siktlinjer. Samhandling og tilknytning mellom bygningane er



Perspektivskisse sett frå sørvest. Skisse frå HLM Arkitektur.



Perspektivskisse sett frå nordaust. Skisse frå HLM Arkitektur.

gjort punktvis og utan at det stenger att opne uterom/gangvegar. Mellom HF-bygget og Sydneshaugen skole er tilknytninga gjennom ei gangbru over bakken slik at ein fritt kan gå under. Denne strekninga skapar også ei viktig siktlinje i område, kor ein ser frå Universitetsmuseet, gjennom baldakinen ved HF-bygget sin hovudinngang og gjennom gangbrua. HF-bygget og Universitetsbiblioteket har samankopling i kjellar under bakkenivå. Det planlagte nybygget, slik det framstår på noverande tidspunkt i prosessen, vil endre dette opne miljøet med frittståande bygg.

I denne samanheng er det relevant å minne om at planområdet har endra karakter fleire gonger opp gjennom historia. Ser ein på eldre bilder av området (sjå under historikkdelen i rapporten), så ser ein at det har vore ulike uttrykk som har prega området. Ope beiteland i byrjinga, mens det var eit langt tettare uttrykk her då Sydneshaugens skole hadde asylbygningane tett inntil seg, før desse blei rivne. I eit lengre perspektiv kan ein betrakte endringane som no kjem som ei vidareføring av ei utvikling i området – der bygningane heilt frå Fastings Minde i 1791 og fram til HF-bygget kom i 1967 har skapt eit organisk bygnings- og kulturmiljø som kvar for seg representerer ulike tider og ulike behov.

Trass fortetting har tiltakshavar slik prosjektet no framstår gjort grep for å forsøke å ivareta opne rom og siktlinjer, og dermed minske effekten av transformasjonen. Siktlinje frå Vinjes gate mot Løvstakket er ivaretatt. Og Vinjes gate blir opparbeidd til nytt byrom. Ein har også forsøkt å behalde den sentrale siktlinja under den noverande gangbrua mellom HF-bygget og Sydnes-



Fjernvirkning. Taklandskapet sett frå Løvstakk-sida. Skisse frå HLM Arkitektur.

haugen skole gjennom bruk av glas i nybygget sin hovudinngang. Her vil det også vera ope for gjennomgang frå Vinjes gate til Sydnesplass på dagtid.

Tiltakshavar ønsker også gjennom prosjektet å tilføre nye kvalitetar til eksisterande kulturminner. Til dømes har Fastings Minde dei siste tiåra hatt ei noko tilbaketrukke rolle i kulturmiljøet det står i. Som ein del av prosjektet ønsker tiltakshavar å gjere dette kulturminnet meir tilgjengeleg, med nye tilkomstvegar. Det gamle vegfaret Dokkeveien vil også få betre tilkomst frå planområdet som del av prosjektet med inngangsparti til nybygget frå denne sida, og nye trapper.

Når det gjeld formspråk har arkitekten tilpassa det nye prosjektet til eksisterande bygg i planområdet ved å ta utgangspunkt i HF-bygget sine geometriske former. Dette er former som går igjen i skissene av nybygget. Samstudes er her også ein link til Sydneshaugen skole gjennom at desse geometriske formene blir delt opp i mindre einingar. Utvendig framstår Sydneshaugen skole som massiv, men innvendig er her delt opp i mange små rom. Nybygget spelar på dette. Formene blir forsterka ved at bygget er tilpassa Dokkeveien. Felles for dei tre bygga, frå ulike tidsepokar og stilartar, er materialkvaliteten. Nybygget er tenkt, som både Sydneshaugen skole og HF-bygget , å skulle framstå som eit bygg med høge kvalitetar. Nybygget er tenkt oppført i glasfasader og tre. Denne material-kombinasjonen er ikkje noko som kan relaterast direkte til strøkskarakteren. Arkitekten sin intensjon bak materialbruken er å forlenge den arkitekturhistoriske utviklinga i området inn i ei ny tid.

Generell gesimshøgd på nybygget er på linje med HF-bygget, med ein tilbaketrekt 4 etasje. Gesimshøgd blir trekt ned i møtet med omkringliggande bygg. I taklandskapet betrakta på avstand er det lagt vekt på

at Sydneshaugen skole framleis skal vera framtredande.

Eit hovudtrekk ved det planlagte nybygget er eit nytt atrium, «hjertet» av bygget slik det er framstilt i prosjektet, som skapar rom for nye gangforbindelsar og kopling mellom bygga i alle retningar. Dette nye hjarta som blir utforma har referansar både til gardsplassen i Sydneshaugen skule og til atriet i HF-bygget. Dette er eit trekk som knyter dei tre bygga saman og gjev heilskap.

Når det gjeld kontaktflater/møtepunkter mellom nybygg og Sydneshaugen skole og HF-bygget er arkitekten sin hovudtanke å å bruke det nye bygget til å framheve dei gamle. Det har særskilt vore knytt utfordringar til Sydneshaugen skole, og forslag til kontaktflater/møtepunkt er gjort på bakgrunn av moglegheitsstudia og verdirekneskapet som er blitt utarbeidd. Det er også blitt gjort med tanke på korleis universell utforming og tilkomst best kan løysast. Som del av prosjektet er det samstundes blitt arbeidd med tilbakestilling av tidlegare endra fasadar på Sydneshaugen skole – særskilt den delen av skulen som no er kantine. Skissene på neste side frå HLM Arkitektur viser kontaktflater på Sydneshaugen skole som blir berørte. Som ein ser har arkitektane tatt utgangspunkt i fasadar som allereie tidlegare er gjort endringar på. Samankoplingane skal vera tydelege – ein markør på at nytt møter gamalt. Og koplingane er tenkt gjort skånsomt med glasfuger i tak og veggar. Nye opningar i fasade på Sydneshaugen skole erstattar altså eksisterande eller tilmurte vindauger på vestfasaden. Det er ønske om å opne opp denne delen av fasaden og gjere den til ein innvendig fasade i det nye hjarta. Den nye hovudinngangen får gesimshøgd under gesims på Sydneshaugen skole.

Når det gjeld HF-bygget, så er det som nemnt tenkt at S-blokka rivast. Nybygget koplar seg til HF-bygget der som s-blokka tidlegare var kopla på (sjå skisse under). Påkoplinga vil gje eit større avtrykk på vestvendt fasade enn den tidlegare S-blokka.

Det er i prosjektet også tenkt å gjera innvendige endringar både i Sydneshaugen skole og i HF-bygget. Skisser på side 58–59 gir ei enkel oversikt over planlagde endringar. Som skissert i HLM Arkitektur si moglegheitsstudie skal Sydneshaugen skole bli ein integrert del av nye HF campus. Skulen er blitt grundig kartlagt og det er blitt gjennomført ei vurdering av verneverdiane i bygget. Eit hovudtrekk er som sagt å gjere delar av vestvendt fasade til ei innvendig fasade i det nye hjarta. I første etasje i nordfløyen skal også Auditorium A byggast om til gangforbindelse og seminarrom. I HLM Arkitektur si kartlegging av bygget er dette auditoriet registrert som utan originale element. I verdirekneskapet er det berørte området merkt som område med noko verdi og lite verdi. Det skal også lagast nytt trappeløp i vestfløyen i område merkt liten verdi. I auditorium A skal det opnast opp eit tilmurt vindauge. Auditorium A i vestfløyen var opphaveleg gymsal, men blei laga om til auditorium i 1960-åra. Her er sidan gjort fleire eindringar, og auditoriet framstår med få originale detaljar.

I andre etasje er det tenkt at eksisterande gangbru mellom Sydneshaugen skole og S-blokka rivast, og erstattast med ny innvendig gangbru. 32 nye kontorplassar skal erstatte undervisningsrom i austfløyen. I nordfløyen skal auditorium E byggast om til gangforbindelse og seminarrom – i verdirekneskapet er dette merkt med lite verdi. Her er ikkje registrert originale detaljar.

I tredje etasje er det planlagt 22 nye kontorplassar i austfløyen i eit område kor det i verdirekneskapet er noko verdi og lite verdi. Eksisterande rominndeling vil bli endra, kor det opphaveleg har vore gang ut mot gateløp og kontor inn mot gårdsplassen. Denne organiseringa av gangareal og kontor/studi-

eplassar er gjennomgåande for Sydneshaugen skole. Å endre på det er å fjerne viktige historieforteljande element. I samtale med Riksantikvaren er det imidlertid blitt opna opp for endring av gangløpet her, ettersom eksisterande gangløp i første og andre etasje forblir bevart.

I HF-bygget er det i første etasje planlagt eit kjøkken- og varemottak like innafor hovudinngangen. Det avmerkte området inneheld i dag verkstad, postmottak, bossrom og driftskontor. Endringa er planlagt i eit område av HF-bygget med betydlege verdiar – i hovudinngang og innvendig gangareal i første etasje, med veggar i teglstein og terazzofliser på golvet og original trapp like ved. Det nye kjøkken- og varemottaket er planlagd innafor den eksisterande veggen. Teglen mot vestibyle/hovudinngang er tenkt bevart, og det er ikkje terazzofliser på golvet inne i det avmerkte området for endring. Hovudinngang, trapp og gangarealet rundt vil ifølge arkitekten i liten grad bli berørt.

I første og andre etasje blir eit av dei originale trappeløpa berørt slik prosjektet står no – i utgangspunktet er det tenkt å rive. Dei originale trappeløpa er særs viktige identitetsskapande og gjennomgåande element for heile bygget. Om eit av desse blir fjerna er dette uheldig for heilskapen i bygget. Det er ifølge arkitekten imidlertid mogleg å bevare og gjenbruke trappene, og forlenge dei for å skape kontakt med nybygget. Utover dette er det tenkt at nokre kontor også skal innlemmast i eit grupperom. I tredje etasje ynskjer ein å stenge av ei dør, og lage ny døropning til toalett. Også her er det planlagt å innlemme nokre kontor i eit grupperom. Sjå oversiktsskisser på side 58–59 for alle planlagde endringar.





Vegg med original teglstein som er tenkt å bevarast ved etablering av nytt kjøkken og varemottak like bak. På bildet til høgre ser ein også den same veggen. På bildet til høgre ser ein hovudtrapp like ved hovudinngangen. Like bak til venstre i bildet ser ein trappa som er tenkt rive eller evt. bevart og gjenbrukt. Dette er også ei original trapp.



Gangbru som er tenkt rive.



Skisser frå HLM Arkitektur som viser berørte fasadar på Sydneshaugen skole (over) på HF-bygget ved riving av S-blokka (under).





Oversikt over nybygg og planlagde endringar Sydneshaugen skole og HF-bygget, 1. plan. Skisse frå HLM Arkitektur.



Oversikt over nybygg og planlagde endringar Sydneshaugen skole og HF-bygget, 2. plan. Skisse frå HLM Arkitektur.



Oversikt over nybygg og planlagde endringar Sydneshaugen skole og HF-bygget, 2. plan. Skisse frå HLM Arkitektur.



Her ser ein samankopling mellom HF-bygget og nybygget sett frå Dokkeveien. Merk at tilkoplinga spelar på formspråket til den noverande gangbrua som skal fjernast. I tillegg ser ein at ein gjennom den nye påkoplinga også får tilkomst ut mot Dokkeveien både på første plan, men også i kjellarhøgd ut mot gateløpet. Merk korleis nybygget forheld seg til det historiske gateløpet. Skisse frå HLM Arkitektur.



Skisse av HF-bygget, nybygget sin nye hovudinngang og samankopling til Sydneshaugen skole. Den gamle gangbrua mellom HF-bygget og Sydneshaugen skole er tenkt erstatta av ny hovudinngang som går ned på bakkeplan. Tidlegare siktlinjer blir forsøkt oppretthalde ved bruk at store glasfelt. Bak hovudinngangen ser ein deler av nybygget. Skisse frå HLM Arkitektur.



Detaljskisse av den nye hovudinngangen sett frå aust. Skisse frå HLM Arkitektur. Den nye hovudinngangen spelar i form på den opphavelege gangbrua som etter planen skal fjernast. Den er på høgde med gesims på Sydneshaugen skole, og inngangspartiet er kopla på eksisterande fasadeliv med glasfuger.



Her ser ein skisse av samankoplinga meir i detalj, sett frå vest i Vinjes gate. Som ein ser blir det ei tydeleg markert samankopling. Dette er same grep som mellom anna er gjort på det som blir kalla «Glasshuset», UiB sin informasjonspaviljong i Langes gate, der eit nybygg i glas er kopla saman med ein vedtaksfreda eldre villa på kvar side. Skisse frå HLM Arkitektur.





Her ser ein også detalja av samankoplinga mellom nybygget og Sydneshaugen skole. Merk også atriet med treet som speglar gardsrommet til Sydneshaugen skole og atriet i HF-bygget. Skisse frå HLM Arkitektur.



Perspektiv frå det nye hjartet og atrium. Her ser ein berørt fasade – auditoriefløy. Skisse frå HLM Arkitektur.



Berørt fasade, Sydneshaugen skole ved ny hovudinngang. Som ein ser vil opninga av portane gi passasje inn til gardsplassen. Skisse frå HLM Arkitektur.



Berørt fasade, Sydneshaugen skole ved ny hovudinngang. Her får ein eit inntrykk av korleis påkoplinga vil sjå ut innvendig med glas både i tak og på vegg. Skisse frå HLM Arkitektur.

Litteratur og kjelder

Kulturminnesøk, Bergen Nygårdshøyden murbyen (K76).

Forvaltningsplanar for UiB sine freda bygg: https://www.uib.no/foransatte/114728/freda-uib-bygg [lesedato 27. januar 2021].

Lexau, Siri Skjold: «Et universitetsområde for fremtiden – Nygårdshøyden i Bergen. 1960-årenes ambisjoner, og ettertiden som tok dem ned» Nordlit 36/2015 pp. 143–164. http://dx.doi.org/10.7557/13.3684

Røyrane, Eva. *Byuniversitetet i Bergen: Freda og i full vigør.* Utg. i samarbeid med Skald, 2018.

Forland, Astrid: *Universitetet i Bergens historie.* Utg. Universitetet, 1996.

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon.* Abstrakt forlag, Oslo.

Lindstad, Siri og Paul Sigve Amundsen. 2015. «En forsømt arkitekturperle», forskerforum.no, https://www.forskerforum.no/en-fors-mt-arkitekturperle/ [lesedato 17.02.2021].

«HF-bygget: Sydnesplassen 7», side med informasjon og HF-bygget og diverse ressursar knytt til historie og forvaltningsplan for bygget, https://folk.uib.no/hnooh/HF-bygget/ [lesedato 17.02.2021].

Upublisert artikkel (2015) av Siri Skjold Lexau (LLE) om HF-bygget og plasseringa av det i bygningsmiljøet på Sydneshaugen, https://folk.uib.no/hnooh/HF-bygget/dokument/Lexau-om-HF-bygget.pdf [lesedato 17.02.2021].

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Store norske leksikon – snl.no

Norgeibilder.no

Bergenskart.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Historiske kart, kartverket.no